

# Kyrkjeklokka

Nr. 2 - 2014

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

78. årgang



## Seljumannamesse


6. juli er dagen for årets Seljumannamesse. Prost Rolf Schanke Eikum skal tale, og St. Hallvardsguttene skal synge. Sistnemnde skal forresten også ha konsertar rundt omkring i fylket heile veka i forkant, anten åleine eller saman med andre. Les meir om programmet på side 7.



## Dugnad på kyrkjegardane

På fleire av kyrkjegardane er det tradisjon for å ha dugnad kvar vår. I Vikane er dei særslanke å møte opp på desse dugnadskveldane. Her blir det utført arbeid både inne i kyrkja og ute på kyrkjegarden.

Kjellaug Skåden har godt handlag med messingspussemessing-pussen



## Sommarleiarar

Kvar sommar blir det arrangert leiarar på leirstadane våre. Her er leiarar for ulike aldrar. Sjå programmet frå Nesholmen og Fjordly på siste sida.

## Pinseoratoriet

Frå framføringa i Nedstryn kyrke



Bjarte Sætre sitt verk vart framført i Nedstryn og Volda kyrkjer. Ei fantastisk oppleveling, seier dei som var til stades. Les om dette på side 10

## Mykje stoff frå Hornindal

Kvífor er det så mykje stoff frå Hornindal denne gongen, er det kanskje nokon som lurer på. Jau, det er fordi dei har gjort noko lurt. Dei har fått sett i gong ein komité som har fått i oppdrag å sende stoff til Kyrkjeklokka.

Så dersom andre sokn vil at det skal kome meir stoff frå dei, er det ganske enkelt å berre følgje Hornindal sitt eksempel. Denne gongen er bladet utvida til 20 sider, og det er ikkje noko i vegen for at vi gjer det også framover. Så det er berre å sende inn mykje stoff også frå andre sokn.

## Kyrkjeringen i Randabygda/Hopland

Som soknerådsleiar i Randabygd sokneråd har eg fylgt med arbeidet til kyrkjeringen i bygda. Den vart starta i mars 1983 og har vore organisert med eit styre og leiar. Møta har vore haldne på dagtid med handarbeid, god prat, mat og kaffi, andakt og song. Eg har hatt ståande invitasjon til møta. Her har eg både fått og gjeve informasjon og synspunkt. Desse kvinnene har gjort ein fenomenal innsats for bygda, kyrkja og det kyrkjelege arbeidet. Høgdepunktet har vore den årvisse kyrkjulingsbasaren med messe der handarbeid har vore selt og loddet ut. Desse samlingane har som regel innleia adventstida med gudsteneste først, så enkel middag og dernest messe/basar. Inntektene har i stor grad vore disponert av soknerådet og det er ikkje lite pengar det har blitt desse 30 åra; om lag 700.000 kr!

Mona Skrede, som var den første leiaren, har skrive eit samandrag om kyrkje-



*Her blir det laga betasupa.*

ringen sitt arbeid med møteboka som kjelde. Eg vil la Kyrkjeklokka sine lesarar få ta del i slutten av dette samandraget.

«Kyrkjeringen har ikkje hatt medlemsliste og heller ikkje kontingent, men ein har hatt leiar og kasserar. Frå starten i 1983 til og med 87 var Mona Skrede leiar. Då overtok Randi Åland frå 88 – 91. Ingebjørg Nesdal hadde vervet i 92 – 97. Frå 98 – 2008: Mona Skrede. Bjørg Rand fekk leiarvervet frå 2009. Magda Tvinnereim var kasserar frå starten og i alle fall i 20 år. Etter henne kom Klara Tvinnereim og sist Marit Skrede. Det vart ei tøff leiar-tid for Bjørg. Ringen vart mindre og mindre. Nokon flytte til omsorgsbustad i Stryn, og mange døde i desse åra».

«Etter som alle vert eldre med åra – og ingen nye vil vere med så går det berre nedover, mot slutten. Dei flotte handarbeidsutstillingane med sal av varer tok slutt. Marknaden blir metta, og motar skif-



*Førebuing av messe. Frå v. Mona Skrede, Marit Skrede og Britt Rand.*

ter. Vi gjekk over til berre basar. Bjørg har vore ein stor bidragsytar med broderi på julemessene sidan ho vart med i kyrkjeringen. Ho er netthendt og nøyaktig. Slik fekk ho også i oppdrag frå soknerådet å brodere ny alterduk til kyrkja vår. Bjørg likar å arbeide med noko meiningsfullt så ho takka ja til jobben og utførte den med glans. Bitte små korssting etter modell frå den gamle som var falma og sliten no. Den var i si tid brodert av Andrina Djuvstein».

«Vi veit at vi har utført oppgåvene vi tok på oss då kyrkjeringen starta opp. Vi takkar soknerådet for samarbeidet, og vi takkar bygdefolket, kyrkjeleg tilsette og andre for all hjelp og støtte. Med gode ønske for bygda vår og kyrkja, frå kyrkjeringen».

*Tekst: Mona Skrede og Reidar Magne Sørland.*

*Foto: Reidar Magne Sørland*



*Samla til gudsteneste før mat og messe.*

## Misjonsarbeid i Hornindal

Det Norske Misjonsselskap er ein sjølvstendig organisasjon innanfor Den norske kyrkja. NMS samarbeider med kyrkjer på 4 kontinent og mange misjonærar arbeider for å realisere misjonsoppdraget som Den norske kyrkja driv. Dette skjer bl.a. ved eit utstrekkt samarbeid med mange ulike misjonsforeiningar rundt om i Norge.

I Hornindal har misjonsforeininga for NMS og soknerådet eit tett samarbeid om Landsbyutvikling i Mali som bl.a. skal gje hjelp til befolkninga i Mali med å utnytte naturressursane og sikre matvarelager for både menneske og dyr ved bl.a. å bygge vatningsanlegg. I tillegg driv ein alfabetiseringskurs, fremjing av kvinner sine rettigheter og å stoppe praksisen med omskjering av unge jenter. Anslagsvis er berre 5 % av befolkninga i Mali kristne (herav kun 1/3 som er protestantar).

Diakoni, sosial innsats og forkynning av

den kristne bodskapen er kjenneteikn ved NMS sitt misjonsarbeid, både ute og heime. I Hornindal samarbeider den lokale misjonsforeininga med soknerådet i høve bl.a. juletrefesten som vert avvikla første helga i januar kvart år på Hornindal omorgossenter. Soknerådet har også bunde seg til å støtte arbeidet i Mali økonomisk (offer i kyrkja).

Hornindal misjonsforeining av NMS vart skipa i 1880 og kan om eitt års tid feire 135 års jubileum. Pr. i dag tel den 25 medlemmar som møtast 1 gong pr. mnd. rundt om i heimane, med unntak av sommaren. Totalt 9 gongar pr. år, der det i snitt møter 12-15 personar pr. gong. Aldersgruppa er godt vaksne kvinner. For at misjonsforeininga også i framtida skal vere ein del av foreningslivet i Hornindal, er det behov for tilskot av yngre medleamar.

Misjonsforeininga har det kjekt i lag. Ein

samlast over andakt, orientering om nytt frå misjonsmarka, kollekt og song. Ein god kopp kaffi og ein god «søgje» høyrer sjølv sagt med. Elin Ytrehorn har vore leiar av misjonsforeininga i Hornindal sidan 26.10. 1993 og styrer arbeidet i foreininga med stø hand.

Kwart år i september har ein felles oppstartstemne i «Betania» i Stryn saman med foreiningane tilhøyrande Stryn, Innvik og Hornindal prestegjeld. Området utvalet for NMS arbeider nå også med å prøve å få til eit gjenbruksbutikk på Eid, men pr. 05.02.14 er dette ennå ikkje endeleg bestemt. Skal dette lukkast er ein avhengig av mange friviljuge som kan tenkje seg å ta vakter i butikken. Ta då gjerne kontakt med misjonsforeininga der du bur. I Hornindal kan Elin Ytrehorn kontaktast.

Tekst og foto: Elsa Aslaug Ommedal



Framme frå venstre: Karolina Kirkhorn, Helga Kirkhorn, Anne Solfrid Espe, Annlaug Hole Nygård, Anna Grodås, Pernille Tomasdard, Jofrid Lødemel, Maria Seljeset, Magnhild Haugen. Bak frå venstre: Ragnhild Lødøen og leiar Elin Ytrehorn.

## Medarbeidarfest i Hornindal

**Hornindal sokneråd har dei siste åra prøvd å skipe til medarbeidarfest for løna og uløna medarbeidarar i kyrkjelyden.**

Som døme på uløna arbeid er trusopplæring i form av sondagsskule, diakonalt arbeid bl.a. i form av besök med blomehelsing før jul til dei som har mist nokon av sine i året som er gått, opning og lukking av kyrkja om sommaren, klipping av plen/rydding på kyrkjegarden, måling og snekring av kyrkjebygg etter behov, basar, deltaking/ringing/speling på gudstenester og ved andakt på



Vikarprest Sigurd Stige (og kokk for kvelden) passar på å etterfylle med varm mat.

omsorgssenteret, anna dugnadsarbeid m.m.

Fredag 6. desember var det så duka for medarbeidarfest



Pinnekjøtet smaka fortrefleleg. God «søgje» kring borda.

Til venstre: Delar av festlyden.

for å kunne vise både løna og uløna medarbeidarar at soknerådet verkeleg set pris på det arbeidet som vert utført i soknet. 41 personar deltok på festen.

Med vikarprest Sigurd Stige i spissen for opplegget var det duka for ein triveleg kveld prega av både alvor og skjemt. Menyen var som det høver seg i førjulstida; pinnekjøtt med alt tilbehør, kaffi og kaker. Rådmannen vår, Ann Kristin Langeland, hadde kåseri. Nytilsett kateket for Stryn og Hornindal prestegjeld, Beate Nes, fortalte litt om seg sjølv og arbeidet sitt som kateket. Oliver Haugen fortalte frå turen sin til Mali i regi av Kirkens Nødhjelp og sokneråda i Nordfjord og Tiril Helgesen Haugen framførde vakker song. Alt var godt bunde saman av prest Sigurd Stige, som også hadde laga middagen. Nydeleg mat og kjekt program!

**Takk til alle medarbeidarar for den flotte innsatsen de legg ned for kyrkja og kyrkjelydsarbeidet i Hornindal.**

*Tekst og foto:  
Elsa Aslaug Ommedal*

## Dugnad i Innvik

Ein gong i året møtest ein trufast gjeng til dugnad i og utanfor kyrkja i Innvik, i år var det i alt 14 personar fra 6 år til spreke pensjonistar i sving.

Ein vårvask må kyrkja ha framfor store festdagar i mai, sølv og messing skal pussast slik at det blenker i vårsola!

Ute er det lauv og gammalt gras som rakast vekk, og i år var der også mykje kvist sidan ein del av trea har blitt "frisert".

Veret var dessverre litt surt etter at vi hadde hatt ei veke med sommartemperaturar, så utegjengen tykte nok det var

godt å kome inn til ein kaffipause. God prat, kake og kaffi gjorde godt etter arbeidsøkta, ikkje tvil om at dugnad også er sosialt!

I etterkant har også toalettavdelinga fått seg eit "løft" med måling av veggar og golv.

Vi i soknerådet er glade for velvilje og flott dugnadsinnsats, tusen takk til alle som var med!

*Tekst og foto: Bjørg Kvame,  
Innvik Sokneråd*

Nokre av utegjengen i sving, Solveig Heggdal, Liv og Alf Drageset er trufaste dugnadsfolk !



Randi Bjørset gjev kyrkjebenkane ein tiltrengt vask.



Skinnnet på altarringen får sitt årlege stell - der er Hildegjerd Bjørlo eksperten.



**Kyrkjeklokka**

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: [www.kyrkjeklokka.no](http://www.kyrkjeklokka.no)

Redaktør for dette nummeret er:  
Anna Marie Vatnamo,  
[post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no)

Forretningsførar/abonnement/adresseendring:  
John Selmer Skiftesvik,  
6788 Olden, tlf. 99 02 80 76  
[john.skiftesvik@enivest.net](mailto:john.skiftesvik@enivest.net)

Bankgiro 0538 18 51054  
Bankgiro 3795 30 05108  
Kontingenten er frivilleg.  
Vi takkar for betaling og støtte.

**Kontortider, telefon, epost**

Måndag er sokneprestane sin fridag.

**INNVIK** prestekontor  
Tlf. 57 87 41 23  
Mobil 911 84 241  
Sokneprest Harald Runde  
Kontortid:  
Tysdag, torsdag og fredag kl. 10-12  
Privat 57 87 41 15  
[runde.harald@gmail.com](mailto:runde.harald@gmail.com)

**STRYN** prestekontor  
Tlf. 57 87 48 12  
Mobil 948 32 875  
Sokneprest Knut Gjengedal  
[kнут.gjengedal@stryn.kommune.no](mailto:knut.gjengedal@stryn.kommune.no)

**HORNINDAL** prestekontor  
Tlf. 57 87 98 33  
Mobil 942 76 335  
Vikarprest fram til 31.07.  
Sokneprest Mari Saltkjel frå 01.08.14.  
Kontortid:  
Måndag 8-15 og torsdag 9-13

**KYRKJEVERJER**  
Stryn kommune  
Lise Katrin Hetle  
Tlf. 57 87 48 11  
Mobil 913 27 882  
[lise.hetle@stryn.kommune.no](mailto:lise.hetle@stryn.kommune.no)

**Hornindal kommune**  
Anne Lødemel Honningsvåg  
Tlf. 57 87 98 34  
Mobil 970 84 120  
Måndag og torsdag 9-13  
[anne.honningsvag@hornindal.kommune.no](mailto:anne.honningsvag@hornindal.kommune.no)

*Kva er det du har i tankane i dag då? Du ser så spent ut?*

Jon ser spørjande på kameraten sin – Tomas. Dei er på tur i det fine veret, dei to.

*Du, i natt, eller like før eg vakna, hadde eg ein underleg draum.*

*Den var så livaktig, nesten som eit syn. - Eg såg ein "mur", ikkje så høg, - eller var det ein veg? Den såg ut til å vere slett og fin. Og så brei at ein kunne gå på den, men berre ein áleine. Men på ein stad hadde nokre steinar ramla ned. Eg såg at det gjekk ein person på den, men skjøna ikkje kva dette skulle tyda. Vart liggande á gruble.*

Kom du til ei løysing då? Eller var det ein vanleg draum. Det er så mykje rart ein både tenker og drøymer, veit du.

*Ja, det veit eg vel - Men eg følte at det var noko meir, og kom til at det hadde med hendingar tidlegare i livet. Eg vart min eigen draumetydar. Trur du det går?*

Ja, det trur eg, og slike menneske møter ein i blant. Men kva med muren din? Eller vegen om du vil?

*Du skjønar, "muren" det er livsvegen til kvar enkelt av oss, - vegnen der vi menneskja går. Ofast er den jamm og fin, slik såg denne og ut, men når eg såg nærmare etter så var muren likevel både knudrete og vanskeleg å gå på, ja endå til var det fleire sprekker i den. Og det rare var at ein gjekk og gjekk, men kom liksom ikkje vidare. Og der nokre steinar hadde rasa ut datt denne personen. Ikkje var det så enkelt å reise seg att heller. Men gå på den måtte ein, på ein måte dømd til det. Eg har tenkt mykje på dette, Kan du sjå dette føre deg?*

Eg er med, men må få litt tid til ettertanke. Dette er tankar eg ikkje har tenkt. Men du er nok komne lenger.

*Det har eg kanskje i dette høvet. - Når eg ser meg rundt i "folkehavet" er der mange type menneske, ulike - og unike. Vi må bære med oss "arven" vi har fått. Det er så lett å døme dei andre etter som vi sjølv er, det vi er gode på skal dei andre og mestre. Og det som verre er, dei skal vere gode også på det vi har vanskår med. Vi ser lett det som kjem av fysiske, synlege manglar, men når vi kjem til det som har med psyka á gjere - eller skal vi seie sjelelivet - stoppar det opp. Det er kanskje ikkje å vente at eg som ein vanleg mann skal gje meg inn på slike spekuleringer, men visse tankar gjer dei seg nok dei fleste av oss. Ein slik brest i "muren" kan vere tung á bere, eller kome over.*

Det er nok eit vanskeleg tema du har kome inn på no. Men vi må ha lov å tenke vi og, og vanleg sunt "bondevit" skal ein ikkje forakte er det sagt. Det er mange meininger, også blant dei lærde, og det skifter frå tid til tid.

*- Ja, det skal vere visst. Men til draumen. Det interessante var at di meir eg såg på den, dess fleire "murar" såg eg, somme nær, andre og langt borte. Nokre nærmast kraup på den, andre gjekk rakrygga og målretta. Så var det ein av dei rakrygga som brått steig ned der steinar var rasa ut. Og han streva svært for å kome på beina att. Etterpå var det som han var ein annen person. Måten han gjekk på fortalte sitt. Først eit hardt drag, så litt etter litt kom ei audmjuk haldning over han. Og eit mildare drag prega andletet.*

*Kva med deg, kom du inn i draumen?*

*- Ja, på ein måte gjorde eg det. Eg fekk mykje å tenke på. Og eg skal nok passe meg for å døma so lett andre. Vi veit så lite om kva dei må bere på. Eg har tenkt over livet mitt på ein annan måte, og sett mine svake sider. Ja, eg skal seie deg, dei er ikkje små. Der er nok store brestar her og. Men no får vi la tanken arbeide med dette, og heller take det att seinare.*

----

Nokre dagar seinare møtte eg att Tomas, og han kom i samtale med meg.

*- Du hugsar siste samtale, den om "muren". Eg har tenkt meir på den. Og eg har sett heile draumen om att. Eg såg ein person på ein annen "mur". Denne var litt lenger borte, men då eg "soma" den inn, såg eg tydeleg ein som streva veldig. Han meir kraup enn gjekk, og kom nesten ikkje av flekken. Så, med eitt var der ein kraftig, lys skikkelse bak han, men personen på muren merka han ikkje. Den lyse bøygde seg ned og spurde: - Treng du hjelp? - Å, ja svara han. Det er så vanskeleg, eg veit ikkje mi arme råd. Då tok "den lyse" han på armen og bar han over det vanskelege stykket. Så sa han: Rop på meg om du treng hjelp, og når du kjem til det siste hinderet, så kjem eg og ber deg over på den andre sida. Der er det alltid glede.*


Men var det berre den eine som fekk hjelp?

*- Eg såg berre denne eine, Men det var nok andre og som fekk hjelp. - Eller andre ville ikkje ta i mot hjelp? Vi menneska er ofte så stolte, vi vil greie oss sjølv. Og så er det denne forstanden vår som ofte kan vere meir til hinder enn til nytte. Likevel har nok mange fått hjelp, men dei veit vi lite om. Dessutan er det ikkje slik at vi går gjennom livet utan vanskår. Vi må nok alle bere på vårt.*

- Det har du nok rett i. Eg og har ofte problem, men torer ikkje snakke om dei. Takk for at du delte dette med meg. Vi burde vere meir opne, og samtale om slike tankar vi ber på i det "indre rom". Så møtes vi på neste tur!

**"Muren"****– etter ein draum –**

TG



Av Jon Ytrehorn

*Tankar langs vegen ...*

## Hurra for borna – dei vekte interessa for Grunnlova!

*17. mai i år vart spesiell. Nasjonaldagen vart feira med eit ekstra jubileum: Grunnlova var 200 år. Det var rett å la dette få ein sentral plass i 17. mai-feiringa landet over. Spesielt var det interessant å sjå kor aktivt borna tok del i førebuinga. I skular og barnehagar var grunnlova eit sentralt emne i vekene før nasjonaldagen. Eg vågar ein påstand: Borna veit no meir om grunnlova enn kva mange vaksne gjer!*

I SKULAR OG BARNEHAGAR hang fargerike plakatar i raudt, kvitt og blått: "Barna si grunnlov". I frodige og festlege paragrafar hadde borna laga sin eigen variant av Eidsvollmennene sitt dokument. Lærarar og administrasjon fortener takk og ros for tid og innsats dei la ned. Borna lærte noko som dei formidla med iver og glede. Sjølv fekk eg oppleve dette under høgtidsgudstjenesta i Randabygd kyrkje 17. mai. Alle elevane stilte opp og song med innleving og trøkk Henrik Wergelands "Vi ere en nasjon vi med" og Bjørnsons "Ja vi elsker", med høgre handa på brystet og flagg i handa. Det vart ei gripande stund!

GRUNNLOVA fra 1814 var banebrytande og la grunnlaget både for rettsstat og demokrati i landet vårt. Ho kom til ut frå ein mørk bakgrunn: Krigen mellom Noreg og Sverige i åra 1807 – 1814, ei følge av Napoleonskrigane. Unge menn vart kalla inn til krigstjeneste. Men ikkje alle kom tilbake. I mi heimbygd Hornindal var det åtte som miste livet, alle i alderen 21 – 30 år. Men dei fleste omkom ikkje i krigs-

### Jesu ord i Bergpreika:

Sæle dei som skaper fred.  
Dei skal kallast Guds born.

handlingar, men på grunn av svolt, kulde, sjukdomar og elendige sanitære forhold. Det var ikkje berre på krigsmarka slike forhold rådde. Det var

**“La takksemda for fred  
og fridom bli synleg  
gjennom handlingar prega  
av omsorg for kvarandre!”**

naudsår over heile landet. Avlingane svikta, livstrugande sjukdomar greip om seg og la både store og små i grav. 33 born under 15 år i Hornindal døydde av svolt eller sjukdom desse åra!

I DAG har vi eit samfunn som legg vekt på tryggleik og sosial velferd for alle. Liksom er det mange born som lid, ofte i det stille. Årsakene er ikkje først og fremst materielle, dei ligg meir på det psykiske og sosiale planet. Born og unge blir hetsa på nettet. Andre blir haldne utanfor av gjengen. Mange slit med mindreverdskjensle på grunn av utsjånad og kroppsformer. Tal frå vidaregåande skule viser at opp til 20 prosent av elevane slit med psykiske problem og treng hjelp og støtte. Dette er ei utfordring som vi må ta på fullt alvor.

MEN DET ER ein illusjon å tro at offentlege organ åleine kan løyse problemet. Her trengst det at vaksne engasjerer seg. Nokon må bry seg, sjå og lytte til born og unge sine stille signal som viser at dei slit. Nokon må handle. Derfor var det gledeleg å lese at det no er starta lokallag i Indre Nordfjord: "Vaksne for barn". Lokallaget er det første i Sogn og Fjordane, og samlar frivillige som vil gjere ein innsats når det

gjeld oppvekstvilkår og psykisk helse for born og unge. Ann Iren Ulvedal og medarbeidarane hennar i styret forteiner ein skikkeleg blomst for initiativet dei har teke. Måtte tiltaket få brei oppslutning!

KRIGEN 1807-1814 kravde sine offer, også i bygdene våre. Unge gutter som vart kalla ut hadde draumar om ei framtid utan svolt, armod, pest og naud. Men mange fekk ikkje oppleve framtdraumen sin. Det gjer derimot vi som lever i dag. Vi bur i landet med dei goda dei drøymde om og kjempa for. I 1940 vart ungdom på nytt kalla ut til kamp, denne gongen mot den tyske okkupasjonsmakta. Folket stod samla i draumen om ei framtid med fred og fridom. Fleire fekk ikkje oppleve denne framtdraumen oppfylt. Men det gjer vi som lever i dag!

SÅ LA OSS VISE vår takk i meir enn ord. La takksemda for fred og fridom bli synleg gjennom handlingar prega av omsorg for kvarandre, ikkje minst for dei som i det stille ber på liding, tap og smerte. Slike omsorgshandlingar er i pakt med vår kristne og humanistiske arv som også grunnlova byggjer på. Også vårt sterke nasjonalsymbol, flagget, uttrykkjer denne arven. Midt i flagget står krossen som minner om Han som gav livet sitt for oss, så vi kunne eige kjelda til kjærleik og fred med kvarandre - og med vår Gud!

### Til ettertanke:

I dei 200 åra som har gått sidan grunnlova vart til har det ikkje vore krig mellom dei nordiske landa.

# Seljumannamesse 2014

Seljumannamessedagen er 8. juli, og er til minne om Sankta Sunniva og Seljemennene, og kristninga av denne landsdelen. *Seljumannamessekommittéen (SMMK)* innbyr kvart år til gudsteneste i Selje kloster 8. juli, når dagen fell på ein søndag, og elles på ein søndag som ligg nær denne merkedagen. Det er ei uttalt målsetting å innby alle kristne kyrkjesamfunn. Vedtekten seier: "Gudstenesta skal ha eit økumenisk preg. Vi ønskjer å innby ulike kyrkjesamfunn til å vere med og aktivt ta del i ulike oppgåver."

Dette året hadde vi i god tid gjort avtale om og kunn gjort at Biskop i Oslo katolske bispedømme, Bernt Eidsvig, skulle vere predikant og hovudgjest. Ved ei mistyding hadde dette blitt gløymt i Oslo, og biskopen plassert på andre oppgåver i utlandet. Det betyr at vi likevel ikkje får besök av biskop Eidsvig dette året, men vi har fått stadfesta lovnad om at han kjem i 2016!

Men Seljumannamesse blir det også i 2014. Vår eigen gode prost, Rolf Schanke Eikum, har vore velvilleg og lagt om sine planar, og tek på seg oppgåva som predikant. Dessutan har vi gjort avtale om deltaking i gudstenesta frå pinsekyrkjelyden *Filadelfia Stadlandet*, saman med prestar frå Nordfjord og Vanylven. Også i år blir St. Hallvard-guttene med i gudstenesta på Selja.

## Konsertar

*St. Hallvard-guttene, Salomos Høysangere, Ugler i Moseboken og Drops* har eit stort konsertprogram som går frå søndag 29. juni til söndag 6. juli.

Programmet er slik:

Søndag 29.juni kl. 16.00: Lærdal.

*St. Hallvard-guttene*

Søndag 29.juni kl. 19.30: Solvorn.

*St. Hallvard-guttene*


Mandag 30. juni kl. 19.00: Florø.

*St. Hallvard-guttene, Ugler i Moseboken,*

*Salomos Høysangere*

Tysdag 1. juli kl. 19.00: Bremanger.

*St. Hallvard-guttene, Ugler i Moseboken,*



Prost Rolf Scanke Eikum

*Salomos Høysangere*

Onsdag 2. juli kl. 19.00:  
Sande kyrkje,  
Sandsøy. *St. Hallvard-guttene*

Fredag 4. juli kl. 19.00:  
Leikanger kyrkje.  
*St. Hallvard-guttene, Ugler i Moseboken, Salomos Høysangere, Drops*

Laurdag 5.juli kl. 16.00:  
St.Jetmund, Åheim.  
*St.Hallvard-guttene*

Laurdag 5. juli kl.  
19.00: Selje kyrkje.  
*St.Hallvard-guttene, Ugler i Moseboken, Salomos Høysangere og Drops*

Søndag 6. juli kl. 17.30:  
Loen kyrkje. *St.Hallvard-guttene*

Billett får ein kjøpe ved inngangen, men kan også kjøpast på førehand. *Coop Prix Selje* står for førehandssalet. Det er også råd å bestille pr e-post: [selje@prix.coop.no](mailto:selje@prix.coop.no).

## Pilegrimsandring på Selja

### laurdag 5. juli

Pilegrimsandringa blir også i år forenkla til ei vandring på øya. Tidsramma er slik: Kl. 09.15: Båt frå Selje til Bø (austsida av øya), og retur kl. 15.20: Båt frå Bø til Selje (kl. 15.30). Ein kvar tek med seg niste og høveleg kle og turutstyr. Pilegrimsandringa blir leia av seniorprest Sigurd Ven-



gen. Pris: kr. 250 (båtreise og deltarhefte), som ein betalar til Seljumannamesse, konto nr. 3845.07.12768.

Merk innbetalinga med: *Pilegrimsandring 2014*. Først når deltaravgifta er betalt er påmeldinga gylig. Påmelding til [sigurd.vengen@gmail.com](mailto:sigurd.vengen@gmail.com) innan mandag 30.06.14. Dei som melder seg på vil få eit svar med stadfesting og informasjon.

## Gudstenesta i klosteret søndag

### 6. juli kl. 11.00

*St. Hallvard-guttene* deltek også i år ved gudstenesta, leia av sin dirigent Hans Martin Molvik. Prost Rolf Schanke Eikum preikar, og elles deltek prestar frå Nordfjord og Vanylven. Musikalsk leiar er organist Jon Inge Sigerland, Selje. Det blir takkoffer og nattverd. Båt går frå Nabben i Selje til Bø, på innsida av Selja, og med retur etter gudstenesta. NB! Sjå annonse for rutetider og prisar! Det blir selt billettar på Nabben før båt-avgang.

*Seljumannamesse* er ei regional samling for Nordfjord og Søre-Sunnmøre, og er skipa til av Nordfjord prostiråd, sokneråda i Selje og Vanylven sokneråd.

**Velkommen til Selja  
- der kyrkja i Noreg vart fødd -**

*Seljumannamessekommittéen*

[www.seljumannamesse.no](http://www.seljumannamesse.no)



St. Hallvard-guttene på Selje.

**Konfirmantar i Nordsida**

Bak frå venstre: Stine Fjellkårstad, Kateket Beate Nes, Anita-Helene Sollid.  
Framme frå venstre: Tilde-Andrea Stensaker, Emma Nygaard Sætren, Sandra Anette Berglid.



© Fotograf Marita Lovstad Johansen

**Konfirmantar i Hornindal**

Framme frå venstre: Hilde Løvliid, Iselin Malene Olsen, Malin Flåm Dahl, Ronja Simone Lundgård Hove, Ragnhild Seljeset, Mona Sofie Nygård Seljeset, Martine Mjåweit Lødemel.  
Midten frå venstre: Ina Malene Nygård Leite, Rolf Helge Lund Dahl, Geir Ola Lillestøl Tvinnereim, Erlend Sollid, Kateket Beate Nes, prest Sigurd Stige, Tollef Otterdal Heggen, Eskil Nordang Seljeset, Rolf Kåre Holmøy Østerbø, Annette Lillestøl.  
Bak frå venstre: Jørgen Nygård, Bjørnar Taraldset, Egil Tronstad Myklebust, Håvard Andre Navelsaker, Steffen Nathan Hatlelid.

**Konfirmantar i Olden**

Framme frå venstre: Jens August Guddal Muri, Rebekka Gjertsen, Otelie Aufllem Tenden, Ingrid Sofie Gjerde Myrvold, Mathias Melheim. Bak frå venstre: Kristian Rustøen, Thomas Tonning, prest Harald Runde, Rafael Nilos, Anette Beinnes.

**Konfirmantar i Randabygda**

Bak frå venstre: Runar Stensaker Tvinnereim, Kateket Beate Nes, Joar Olsen Skrede.  
Framme frå venstre: Vegard Skrede, Ruben-Olai Takle Tytingvåg.



### Konfirmantar i Innvik/Utvik

Framme frå venstre: Anders Gardshaug, Vilde Hammer Bergh, Karoline Eikenæs Hilde  
Bak frå venstre: Ole Anton Lyslo, prest Harald Runde, Christel Hage (frå Utvik), Marte Skåden Aarreberg



### Konfirmantar i Loen

Frå venstre: Ciril Westervik Myren, Frida Dragsund, Laura Liptacova.



### Konfirmantar i Oppstryn

Bak frå venstre: Alf Erik Gjørven, Prest Knut Gjengedal, Kateket Beate Nes, Ingar Hjelle.  
Midten frå venstre: Elisabeth Hamre Tunold, Benedikte Skaare Tjellaug, Elianne Fure Håvik.  
Framme frå venstre: Vegard Glomnes, Aksel Mathias Meland

Foto: Alf Terje Glomnes

## Konfirmantar i Nedstryn

Rad 1 (framme): Andrea Vinsrygg Steen, Eline Alden, Gudbjørg Alden, Josefine Gotteberg Egge, Ingrid Folven, Margrethe Skrede, Elise Mari Flore Frøholm, Jenny Løvdal Stauri, Christine Tøsse Humborstad, Gina Jun Egedahl

Rad 2: Ida Bjørnhaug Aarnes, Jenny Vik Skrede, Sigrid Langeland Grønmo, June Nedreberg Holmøy, Mathilde Yndestad Runshaug, kateket Beate Nes, Prest Knut Gjengedal, Maria Thaule, Ingrid Guddal, Madelen Vik Strand, Anne Eikenes Isehaug.

Rad 3: Kanutte Sunde Flo, Herman Hauge, Sindre Mulelid Hartvigsen, Kristoffer Sunde Haugen, Jan Åge Langeset, Erlend Slåtten Sandbakk, Torstein Lunde, Aleksander Isehaug.



Nesdal Folkedal, Mathias Løkkebø Øvreseth, Espen Veum Stølen.

Rad 4: Adrian Nesje, Aleksander Mundal Olsen, Knut Andras Egge Hauken, Kristian

Gotteberg Egge, Magnus Arntsen, Albert Fure, Anders Flore.

## Vegen til Pinseoratoriet

*Bjarte Sætre har alltid vore glad i musikk. Faren kjøpte fleire instrument til borna då dei var små. Bjarte lært seg å spele på fleire instrument. Etter kvart var det blokkfløyte, fiolin og piano han brukte mest. Han byrja tidleg å improvisere litt for seg sjølv. Det var spennande å leike seg med tonar og klangar. Då han var tenåring skreiv han litt musikk.*

Bjarte tok musikkpedagogisk utdanning ved Griegakademiet, eller Bergen Musikkonservatorium som var namnet den gongen. Han hadde lyst å gå vidare og lære seg komposisjon, men det vart ikkje. Då han byrja ved Griegakademiet hadde han tenkt at piano skulle vere instrumentet hans, men så hadde han med blokkfløyta, og etter kvart vart han heilt hekta på det instrumentet. Det er kanskje eit uvanleg instrument å bruke innan klassisk musikk, men det er mykje musikk som kling fint på blokkfløyte. Helseproblem gjer at han ikkje kan spele blokkfløyte no. Det er og vanskeleg for han å spele fiolin, så det er pianoet han brukar mest.

På Griegakademiet lært han ein del om komposisjon. Han heldt fram med å improvisere og han byrja komponere. Då han hørde Bach Matteuspasjonen gjorde det eit sterkt inntrykk. Blandinga av bibelske tekstar og bruken av instrument, kor og solistar for å understreke teksten fasinerte han. Bodskapen var sterkt, og det gav ein musikalsk vilje til å utfolde seg. Bjarte byrja sjå seg rundt etter pinsemusikk, og han fann ikkje at nokon har laga eit Pinseoratorium. Lysta til å lage eit slikt verk vart sterkare etter kvart, og for ca. 3 år sidan byrja han å organisere verket.

Han byrja med tekstane. Det heile starta før skapinga, og så har han plukka tekstar som er knytte til Bibelen frå start til slutt. Bjarte har hatt samarbeid med Jan Gudmund Skrivervik tidlegare, så han fekk han til å skrive nokre tekstar. Måten Jan Gudmund skriv tekstane på passar godt for Bjarte. Jan Gudmund har variasjon i versa og det gjer at Bjarte kan endre klangbildet og gjøre det enkelte musikkstykket meir spennande. Bjarte likte dei utfordringane dette gav, og han følte han fekk utfolde seg



*Bjarte Sætre har komponert pinseoratoriet.*



*Frå framføringa*

i eit ledig klangbilde. Han får utnytte enkelt instrument, instrumentgrupper og kor. Bjarte likar å nyte kjende tekstar og kjend musikk, men som han seier: " Eg maltrakterar både tekstane og musikken". At han "leikar" seg med tekstane og musikken fører til at publikum føler dei kjenner seg att samstundes som dei vert ført inn i noko nytt og spennande som er svært vakkert.

Når han kom så langt at Pinseoratoriet var klart for framføring, var Bjarte svært nøgd med at Magnar Åm ville vere dirigent. Tidlegare har dei hatt litt samarbeid, og det er godt å kjenne kvarandre når eit så stort verk skal framførast. Det var ei utfordring å setje saman eit orkester, men han fekk alt på plass til slutt. For Magnar var det ei utfordring å skulle dirigere så mange musikarar og songarar som ikkje syng og spelar saman til van-

leg, men han tykte det gjekk seg godt til etter kvart.

Bjarte legg vekt på at han har hatt nokre gode hjelparar. Tore Bøe har vore til uvurderleg hjelp i heile prosessen. Når det gjeld den praktiske tilrettelegginga siste året, har Turid Tryggestad Espe og Nils Petter Lillestøl vore til stor hjelp.

Framføringa 10. og 11. mai i Stryn kyrkje og Volda kyrkje er både Bjarte Sætre og Magnar Åm godt nøgde med. For oss som var med, var det ei fantastisk oppleveling.

Så er det slik at slutten på Pinseoratoriet er ikkje skriven enno, så kanskje vi om nokre år får høve til å høre dette mektige verket ein gong til.

*Tekst: Brynhild Lund Notøy*

*Foto: Ole Sætre Eltvik*



*Takk til aktørane.*

## Oddny under open himmel

# *Kveitekornet si lov*

Vi har opplevd ein ny vår. Ein berr og mild etterjulswinter var som ein lang vår, men så kom snøfallet midt i mars. Snøklokker og krokus hadde blomstra ein heil månad. Tulipanlauva var komne langt opp, men dei tolde snøen.

Det var kvitt på bøen. Eg sat i stova og høyrdie radiogudstenesta. Utanfor stoveglaset oppdaga eg eit skjorepar. Den eine hadde ein kvist i nebbet. Dei var i fullt arbeid med reirbygging eller reparasjon av det gamle. Eit nytt våreteikn, tenkte eg.

Så har eg fått følgt med det som skjer i naturen også denne våren. Nye knuppar på trea kom. Nokre vart til nye greiner og andre til blomstrar. Underleg kor det er uttenkt og planlagt. Mange har lagt frø i jorda inne eller ute for å få nye plantar. Etter nokre dagar ydda det fram spirar. Den vesle kimen var levedyktig. Det

skjedde mirakel dag for dag.

På ein tur i slutten av august sist haust reiste eg gjennom bygder med store kornåkrar. Det var eit vakkert syn. Dei stod der som gule hav av aks med fullmodne korn. I min barndom var der også slike åkrar i bygdene våre. På heimturen såg eg at bønder var byrja å hauste kornet. Det vart til mat for menneske og dyr, men ein del vart teke vare på til nytt så-korn.

Ordet om kveitekornet i Joh. 12,24 har stege for meg denne våren. "Sanneleg, sanneleg, det seier eg dykk: Fell ikkje kveitekornet i jorda og dør, er og vert det berre eit korn. Men dør det, gjev det stor grøde."

Vi legg kornet og andre frø i jorda. Der går det for seg ein nedbrytingsprosess og på same tid ein livsprosess der det vert



skapt nye plantar. Begge deler er nødvendig for at naturen skal fornyast og bere frukt.

Vi har feira påske og pinse. Påske- og pinse-bodskapen handlar om død, frelse, nytt liv og kraft. Kveitekornet er bilde på Jesu død og gravferd. Frukta er Jesu oppstode og verdsmisjonen. Frå ei likning veit vi at såkornet er Guds ord. Det må såast – høyrist – takast vare på for at det skal bere frukt. Det har i seg ei kraft som sprengjer tanken og fornufta si grense, og ei tru overtek. Lat oss ta imot Ordet i eit vent og godt hjarte, og lat oss stå saman om sårbeidet! Må det gro og vekse i vårt eige land og vidare utover i verda!"

## *Blomsterbed ved Hornindal kyrkje*

Hornindal sokneråd har i nokre år nå hatt samarbeid med Hornindal barnehage i høve planting og stell av blomsterbed ved kyrkja. Soknerådet kjøper inn plantar og barnehageborna tar seg av resten. Hornindal barnehage har dette som eit ledd i sitt miljøfyrtårnprosjekt. Hornindal er så helhilde å ha både dugande medarbeidarar på kyrkjegarden og samarbeid med dei små borna, som totalt sett gjer at vi kan ha det velstelt og triveleg rundt kyrkja.

Hjarteleg takk til barn og voksne i Hornindal barnehage for godt samarbeid og flott arbeid!



Over frå venstre: Eldar Ekblom Lillestøl, Jon Eirik Navelsaker, Jamie Hellesø Hawkins, Erling Hessholm Kroken, David Nistad Faulk, Kanutte Øen, Jonas Hjellbakk Hole, Elias Hjellbakk, Selma Hove Sollid, Leon Øen, Elisebeth Lødemel, Sina Pauline Nesdal, Cecilie Lødemel.

Til venstre: Jonas Hjellbakk Hole. Til høgre: Jon Eirik Navelsaker.



# Salmen min

Eg vart utfordra av Svein Sindre å skrive om min salme. Svein var tidlegare kollega av mannen min, Rasmus, og meg på Hornindal skule. No er Rasmus på Hornindal Omsorgssenter, og Svein er god besøksvenn.

Det finst så mange gode salmar. Ikkje utan grunn snakkar vi om «salmeskatten». Alder og livssituasjon kan vere avgjerande for kva salme ein tykkjer best om. «Salmen skal låne ord til menneska» (M.B. Landstad). Eg hugsar salmar frå barndommen og min ungdomssalme. I den seinare tid har eg blitt glad i salmane til Svein Ellingsen. Ellingsen er både biletkunstnar og salmediktar. Av nolevande salmediktarar er det han som har fått flest salmar trykt i den nye salmeboka frå 2013. Eg vil nemne salmen «Fylt av glede over livets under» og «Noen må våke i verdens natt». I eit intervju seier han at han sjølv kanskje er mest glad i «Døden må vike for gudsrikets krefter».

For ein god el år tilbake var Rasmus og eg saman med andre nordfjordingar ute på



Ragnhild Lødøen

Stårheim der Svein Ellingsen las og fortalte om salmane sine. Då las han m.a.

denne salmen som eg har valt «Livets grunntone. Salme i eldre år» Då eg etterpå spurde kvar eg kunne finne salmen, fortalte han at diktet enno ikkje var utgitt. Men han ville sende det til oss. Og vi fekk det i posten med namn og adresse kunstnarleg skrive!

I mange år var denne salmen «vår» salme, ein lesesalme. Men no er salmen komen med i den nye salmeboka på nr 852 med tone av Knut Nystedt. Det er takksemda over livet eg tykkjer forfattaren uttrykkjer så vakkert. Han skriv så enkelt og forståeleg at noko meir forklaring trengst ikkje. Godt at det finst diktarar som kan setje ord på det vi andre kan erfare!

Eg utfordrar Rådmannen i Hornindal, Ann Kristin Langeland, til å skrive om sin salme i neste nummer av Kyrkjeklokka.

## Livets grunntone - Salme i eldre år

*En tone skal stige i livsdagens kveld  
med klang fra vårt hjertelivs grunn  
Så snart er vår tilmålte tid på hell,  
Så kort er vår jordiske stund.*

*Men tonen skal høres i glede og savn,  
så lenge vi lever på jord;  
En lovsang til livet er tonens navn,  
Den synger i alle som tror.*

*Takknemlighet fyller vårt hjerte og sinn,  
Ved tanken på dager som svant,  
Og minnene står i forklaret skinn  
Fra alle de gleder vi fant.*

*Vår takk går til Gud for det liv vi har levd,  
for alle velsignede år,  
for vennskap som trofast ble holdt i hevd,  
for hjelp under skiftende kår.*

*Fra avmakt til håp har du ledet oss, Gud  
de dager vår livskraft var brutt,  
Hver demring som oppratt, bar i seg bud  
Om lyset som seiret til slutt.*

*Ja, vinter og frost ble beseiret av vår,  
Du fylte vårt hjerte med sang,  
Hvert år i vårt liv ble et nådens år  
Med overflod gitt oss i fang.*

*Vi er i din omsorg fra vugge til grav,  
Du leder oss fram på din vei.  
Vi takker deg Herre, for alt det du gav!  
O Gud vi er alltid hos deg*

Framhald frå side 13

Kva syns du kyrkle og bedehus kan gjere betre for å framelske tru og Jesus-etterfylging hos dei unge?

- *Det blir allereie gjort mykje bra trusopp-læring i både kyrkle og bedehus! Og det er heldigvis berre Jesus sjølv som kan skape tru og eit ønske om etterfylging, så det viktigaste vi kan gjere for dei unge er å vise vegn til Han. Elles trur eg det er viktig å knytte trua til livet*

*her og no, slik at dei unge opplever kristen tru som noko livsnært og relevant.*

De er no ein familie på fire. Frå mors-perspektivet, korleis ser du på storsamfunnet, lokalmiljøet som borna dine skal vekse opp i? Av det du ser, kva gjer deg glad og kva gjer deg bekymra?

*- Når eg tenkjer på samfunnet borna våre skal vekse opp i, er eg takksam for alle dei moglegheitene og rettane dei*

*har ved å vere fødd inn i det norske samfunnet. Med tanke på korleis livet er for mange born i andre delar av verda, ser eg at vi som foreldre har mykje å vere takksame for.*

*- Noko av det som bekymrar meg med tanke på storsamfunnet, er fokuset på vurdering og prestasjon, og tendensen til å framelske det tilsynelatande perfekte. Dei som veks opp i dag kan nok kjenne at dei må prestere på mange felt, t.d. i forhold til skule/karakterar,*

*utsjånad, fritidsaktivitetar, venner m.m. for å vere gode nok. Som forelder synest eg noko av det viktigaste vi kan formidle til borna våre er at dei er gode nok som dei er, og verdfulle i seg sjølv.*

*Intervju v/ Jan Gudmund Skriversvik  
Foto: Privat*

## Kyrkjelydspedagog Ann-Elin Aabrek Lie

Ann-Elin Aabrek Lie er 28 år og er gift med Kenneth Lie. Dei har to born. Ho har sidan januar 2014 vore kyrkjelydspedagog i trusopplæringa i Stryn kommune. Ho er no på gamle tomtar sidan ho vaks opp i Olden. Ho har ein eldre og ein yngre bror. Kyrkjeklokka har stilt henne nokre spørsmål om bakgrunn, jobbhistorie og kva som førte henne og familien tilbake til Olden. Og kva tankar gjer ho seg om å jobbe med ungdom og det å vere mor til to born.

*- Eg tok sosionomutdanninga mi ved Høgskulen i Bergen, var ferdig utdanna våren 2009. Etter dette jobba eg ein kort periode som miljøterapeut ved eit bufellesskap for autistar, før eg fekk jobb som sosialkurator ved eit NAV-kontor i Bergen, ein spennande og interessant etat å jobbe i. Eg arbeida der fram til vi fekk vårt første barn i januar 2012, og sommaren same året flytta vi til Olden. I første omgang skulle vi bu her eit "prøveår" men vi trivdest så godt at vi valde å bli buande.*

Var det enkelt, tydeleg at den utdanninga du valde var rett for deg? Eller søkte du på fleire felt og let dei dørene som opna seg vere styrande?

*- Etter at eg var ferdig på videregående, gjekk eitt år på Gå Ut Senteret i Hurdal. Saman med tre andre var eg på team i 5 mnd i Israel og dei palestinske sjølvstyreområda. Noko av det vi gjorde, var å arbeide på eit krisesenter for kvinner og born i Tel Aviv. Eg syntest dette var særleg givande, og det medverka nok til at eg valde å söke på ei utdanning der eg fekk hove til å hjelpe folk. Året etter byrja eg på sosionomutdanninga i Bergen. Det var heller litt tilfeldig at eg valde dette yrket, men i etterkant er eg glad for å ha tatt nettopp denne utdanninga. Eg har alltid hatt eit*



Her er heile familien samla. Frå venstre: Kenneth, Mathea, Ann-Elin og Elina.

ønske om å arbeide med menneske, og med sosionomutdanninga får eg hove til å gjere det på ulike måtar.

Kva faktorar var viktigast då de valde å flytte til Olden?

*- Det var mellom anna nærliek til familie. Eg hadde lenge hatt lyst å flytte heim til Nordfjord, og då eg skulle ha morspermisjon såg vi det som eit hove til å prøve ut korleis det var å bu i Olden eitt år. Når mannen min i tillegg fekk jobb i Olden, bestemde vi oss for å flytte. Vi set også stor pris på naturen og friluftsmoglegheitene i Nordfjord, så dette var jo også noko av det som drog oss hit.*

Kva er det beste ved å vere ung familie på landet samanlikna med byen? Kva saknar de mest?

*- Det beste med å vere ung familie på landet er dei litt role-*

*gare rammene rundt kvarldagslivet; ein slepp rushtrafikk og støy m.m. Elles er vi ein familie som likar å vere ute og gå på tur i fjellet, noko vi har gode hove til her. Vi saknar nok til tider mangfoldet i byen og alle moglegheitene der.*

Kva er kjekkast, mest utbytte-rikt og mest utfordrande med å jobbe som kyrkjelydspedagog i trusopplæring i Stryn kommune?

*- Det beste med å jobbe som kyrkjelydspedagog er å få vere ilag med dei kjekke borna og ungdomane i Indre Nordfjord! Å kunne få spele på lag med så dyktige og engasjerte kollegaer og frivillige er også noko av det som gjer arbeidet meiningsfullt, det er godt å vere ein del av eit team som arbeider saman om trusopplæringa i regionen.*

Korleis vil du beskrive 14-15 åringane som veks opp i dag?

Kva er det same og kva er forskjellig frå du sjølv var i den alderen?

*- 14-15 åringane som veks opp i dag har eg eit positivt inntrykk av. Eg opplever dei som reflekterte og engasjerte, fulle av liv og lyst, i ei spennande brytingstid i livet. Dei er opptatt av det som skjer i lokalsamfunnet og ute i verda, og har mange tankar om dei store spørsmåla i livet. Mykje er nok likt frå eg sjølv var i den alderen, men eg trur ung-domane i dag har mykje meir informasjon å forholde seg til på fleire arenaer. Ein har ulike sosiale medier å delta på, og ein nyttar internett/data og mobiltelefonar i mykje større grad enn då eg sjølv var i den alderen. Dette reiser nok ein del andre problemstillingar og utfordringar enn eg sjølv måtte forholde meg til.*

Framhald side 12

## Kristin Lødøen Hope ordinert til prest

Søndag 23. mars vart Kristin Lødøen Hope ordinert til prest. Den høgtidssame hendinga gjekk føre seg i Fridalen kirke i Bergen. Biskop Halvor Nordhaug var glad for å kunne ordinere nettopp Kristin til preste-teneste i Den norske Kyrkja.

Kristin er opprinnelig frå Hornindal, men ho bur saman med familien sin i Bergen. Kristin har teke siste året av prestetutdanninga i vaksen alder og har vore student ved sidan av jobben som rådgjevar på bispedømekontoret i Bjørgvin.

Ordinasjonsgudstenesta i Fridalen kyrkje vart ei høgtidssam stund, både for Kristin, familie, vener og kyrkjelyden. Gudstenesta var prega av mykje sang og



*Kristin Lødøen Hope blir bedt for*



*Kristin Lødøen Hope held si første preike etter at ho er ordinert.*

musikk. Kristin hadde der si fyrste preike som ordinert prest, og preika over Luk. 1,26-38.

I tida framover vil Kristin vere i teneste som vikarprest i Fjell menighet på Sotra utanfor Bergen.

Vi ynskjer Kristin alt godt i ei stor og viktig teneste framover.


*Foto: Lars Kvalbein*

## Gripande gudstenesteinnslag av Isabell

Den årlege gudstenesta for og med funksjonshemma i Indre Nordfjord var i år lagt til Nordsida kyrkje søndag 6. april. Unge og vaksne, dei fleste frå Arbeidssenteret i Stryn, deltok med ulike oppgåver: Song, tekstlesing, lysark med teikningar frå påskeskobodskapen i Bibelen og enkle liturgiske innslag. Dette hadde dei førebudd under den sosiale samlinga med leiarane dagen før i Betania, Stryn.

På biletet ser vi Isabell Andersen som avslutta gudstenesta med eit opprinn ho sjølv hadde utvikla, framført til musikk ho sjølv hadde valt ut. Framfor alteret lyfter ho hendene både til lovprising av Herren og velsigning av kyrkjelyden. Ei vakker og gripande avslutning av gudstenestedelen. Dagen heldt fram med kyrkjeaffi saman med kyrkjelyden.

Stor takk til alle frå Arbeidssenteret i Stryn for den fine og friske måten de med-



verka i gudstenesta på. Varm takk til Heimetenesta i Stryn for god hjelp og medverknad dei to dagane.

Takk også til Nordsida sokneråd ved Diakoniutvalet og til medarbeidarar knytt til Betania for fin gjennomføring av praktiske tenester under Kyrkjehelg for og med funksjonshemma 2014. Nemnast bør og Magne Kristiansen som gjorde preika ekstra levande ved å teikne hendingane frå Jesu siste påske i Jerusalem samstundes som han fortalte.

Slik vil bli hugsa!

**Helsing Erling Tronvik  
og Jon Ytrehorn (leiarar)**

*Foto: Karin Sæten*



Slekt  
skal følge  
slekters  
gang



#### Oppstryn

##### Døpte:

- 4/5 Anders Kirkeeide Sunde.  
For. Kari Ann Kirkeeide og Arvid  
Kåre Sunde

##### Døde:

- 18/2 Gjertru Greidung f. 1920  
16/3 Odlaug Erdal f. 1917  
22/4 Lars R. Greidung f. 1923

#### Nedstryn

##### Døpte:

- 23/3 Emil Bjørlo Sandbakk.  
For. Hege Bjørlo Sandbakk og  
Frank-Jakob Sandbakk  
13/4 Liva Fannemel Vik.  
For. Anne Siri Vik og Sindre  
Elvegård Fannemel  
13/4 Silas Berge-Flataker.  
For. Sigrid Berge og Ståle Flataker  
17/4 Fritjof Fure. For. Anita Vinsrygg  
og Asbjørn Fure  
27/4 Noah Seljeset Svarstad.  
For. Samuline Beate Seljeset og  
Sjur Ole Svarstad  
11/5 Aksel Frøysa Bernhoft.  
For. Silje Kristin Frøysa og Kjetil  
André Kirkeeide Bernhoft

##### Døde:

- 1/3 Møyfrid Sæten f. 1932  
5/3 Henny Olaug Risøy f. 1944  
23/4 Leif Karlsbakk f. 1939  
26/4 Per Aleksander Volland f. 1939  
29/4 Arne Harald Vik f. 1943  
19/5 Sverre Andreas Bringsvor f. 1918

#### Loen

##### Døpte:

- 16/3 Olivia Opheim Flåten.  
For. Silje-Katrin Opheim  
og Erik Flo Flåten  
16/3 Viljar Sande Hogrenning.  
For. Elin Sande Beinnes  
og Geir Hogrenning  
21/4 Ane Sofie Svarstad Baade.  
For. Jeanette Svarstad og Thomas  
Baade

##### Døde:

- 1/5 Reidun Loen f. 1926

#### Hornindal

##### Døpte:

- 2/3 Martine Melvoll Muldsvor.  
For. Agnetha Melvoll og Øyvind  
Muldsvor.  
Døpt i Sunnylven kyrkje.  
20/4 Ingrid Elise Svor.  
For. Berit Wiedner  
og Rasmus André Svor  
20/4 Andris Flore.  
For. Ingrid Randi Wangensteen  
Flore og Jan Bakke Flore

##### Døde:

- 11/3 Oddvin Arne Engebø f. 1936  
3/4 Oddny Marie Maurset f. 1921  
11/4 Aslaug Haldis Solvik f. 1926  
12/5 Pål Alfred Tomasdard f. 1929

#### Nordsida:

##### Døpte:

- 22/2 Birk Roset.  
For. Terese Gausnes  
og Alf Edvard Roset  
16/3 Valentin Johan Hidalgo.  
For. Anita Karin Myklebust  
og Jorge Garcia Hidalgo

##### Vigde:

- 22/2 Terese Gausnes og Alf Edvard  
Roset

#### Randabygd

##### Døpte:

- 2/3 Magnus Aaland.  
For. Monja Johanne Tytingvåg  
Aaland og Trond Aaland

##### Døde:

- 22/2 Selma Dorthea Nesdal f. 1921

#### Utvik

##### Døde:

- 2.4. Einar Frøyset, f. 1937  
6.4. Ruth Loen, f. 1920  
8.4. Harald Bruland, f. 1918

#### Innvik

##### Døde:

- 20.3. Oddvar Dagfinn Vanberg, f. 1941  
11.5. Borghild Christensen, f. 1925

#### Olden

##### Døpte:

- 26.1. Ina Madelen Lyslo Kvamme.  
For.: Jørn Andre Kvamme  
og Anne Lyslo.  
16.3. Olivia Opheim Flåten.  
For.: Erik Flo Flåten og Silje-  
Katrin Opheim.  
(Døpt i Loen.)  
25.5. Mia Henningsen Gjerde.  
For.: Frode Gjerde og Tina  
Henningsen.  
(Døpt i Ljosheim.)  
25.5. Alma Marie Gjertsen-Høgalmen.  
For.: Nils Roger Høgalmen  
og Hege Gjertsen.  
(Døpt i Ljosheim.)

##### Døde:

- 25.12.13 Åsmund Tonning, f. 1934  
5.1. Hjørdis Asgerd Agjeld, f. 1920  
10.4. Kristen Halfdan Høgalmen,  
f. 1929  
15.4. Aslaug Borgny Strand, f. 1921  
17.4. Kjellaug Sandnes, f. 1925

## Sommerstemne!

Velkommen til Utvikfjellet søndag 3.  
august 2014.

Breim og Utvik sokneråd inviterer  
til sommerstevne på Utvikfjellet ved  
Skihytta. Det er en tradisjon å samles  
til gudstjeneste hver sommer, så også  
i år.

Det blir et litt variert program.  
Harald Runde står for preiken. Det  
blir et historisk innslag av Dag Van-  
berg og sang av barn.

Kaffe blir det også å få, så hjertelig  
velkommen til en fin og berikende  
søndags ettermiddag.

**Hilsen Utvik Sokneråd  
v/Anne Karin Eriksen**

## Kyrkjedag i Nordfjord laurdag 18. oktober

**2014**

Biskop em. Gunnar Stålsett vert ho-  
vudtalar. Han gjekk på gymnaset på  
Eid og fekk si kristne omvending på  
Eid. Han vert og med på gudstenesta  
søndag.


Detaljert program kjem til neste  
nummer av Kyrkjeklokka.

Merk dykk datoën alt no.



### Statistikk for Stryn prestegjeld 2013 (2012)

Stryn prestegjeld	Oppstryn	Nedstryn	Loen	Sum
Døypte	10 (15)	22 (29)	6 (7)	38 (51)
Konfirmerte	9 (9)	50 (37)	10 (13)	69 (59)
Vigde	1 (4)	1 (1)	5 (3)	7 (8)
Gravferder	10 (7)	18 (18)	2 (5)	30 (30)
Gudstenester	17 (18)	39 (36)	17 (17)	73 (71)
Deltakarar ved gudst.	1564 (1347)	5648 (5125)	1226 (1249)	8438 (7721)
Nattverdgjester	172 (111)	941 (567)	144 (108)	1257 (786)
Offer/kollekt	35453 (30381)	101702 (85865)	29902 (25126)	167057 (141372)



### Statistikk for Hornindal prestegjeld 2013 (2012)

Hornindal prestegjeld	Hornindal	Nordsida	Randabygd	Sum
Døypte	12 (10)	5 (4)	3 (3)	20 (17)
Konfirmerte	26 (17)	4 (5)	1 (0)	31 (22)
Vigde	2 (2)	1 (1)	0 (2)	3 (5)
Gravferder	12 (15)	5 (3)	2 (4)	19 (22)
Gudstenester	25 (25)	21 (19)	10 (14)	56 (58)
Deltakarar ved gudst.	2384 (3024)	1575 (1478)	613 (756)	5258 (5258)
Nattverdgjester	148 (282)	436 (391)	81 (59)	732 (732)
Offer/kollekt	70761 (61261)	62250 (67203)	10880 (13815)	142279 (142279)



### Statistikk for Innvik prestegjeld 2013 (2012)

	Olden m /Ljosheim	Innvik	Utvik	Sum
Døypte	17 (4)	2 (4)	3 (1)	22 (9)
Døypte, bor i soknet	10 (1)	0 (3)	1 (1)	11 (5)
Konfirmerte	13 (21)	5 (6)	3 (4)	21 (31)
Vigde	7 (2)	2 (1)	0 (0)	9 (5)
Gravferder	9 (7)	5 (6)	6 (5)	20 (18)
Gudstenester	28 (27)	19 (22)	16 (18)	61 (67)
Deltakarar v gudst.	2610 (3111)	1260 (1503)	935 (957)	4805 (5571)
Nattverdgjester	484 (519)	134 (190)	115 (72)	733 (781)
Offer/kollekt	97497 (68110)	34704 (44349)	42696 (43636)	174897 (150632)
Fasteaksjonen	13001 (15359)	11763 (9205)	9779 (8942)	34543 (28013)

Det var berre i alt 17 døypt i Olden kyrkje. Av dei 17, så var det 10 som hadde bustadadr. i Olden sokn. Men 2 barn, busett i Olden sokn, vart døypte i andre kyrkjer i Indre Nordfjord. 12 barn som har bustad i Olden sokn vart dermed døypte i Olden sokn. 2 barn som er busett i Innvik, vart døypte i andre kyrkjer i Nordfjord. Til saman var det 4 barn som vart døypte i Innvik sokn. Gjevargleda er stor i dei 3 sokna; Olden, Innvik og Utvik. Sett frå folketalet si side i bygdene, så er det Utvik som gjev mest.

## Takk til Sigurd Stige

På siste soknerådsmøte hadde Hornindal sokneråd avskilsfest for Sigurd Stige. Han har vore vikarprest her sidan august 2012.

Sigurd har vore godt likt både som prest og som den personen han er, og ved kyrkja er det mange synlege teikn på at han er ein arbeidsmann. På dugnad har han fått bygd rullestolrampe, pussa opp båreromet, fått på plass varmepumpe i kyrkja og no til sist fått nye puter i benkane.

Før jul inviterte han til medarbeidarfest for sokneråd, friviljuge og tilsette. Der serverte han julemiddag med pinnekjøt og tilbehør, og so vart det dessert og kaker som andre hadde teke med.

Soknerådet vil takke Sigurd for den tida han har vore her og ynskje han lukke til vidare.



*Over:  
Soknerådsleiar Ole Andre Dahl overrekker ein Honndalsljå, laga av Svein Nesdal, og eit rosetre som minne frå Hornindal.*

*Til høgre:  
Sigurd saman med soknerådet.*



*Under:  
Sigurd saman med tilsette og sokneråd.*



## *Velkommen tilbake til Mari Saltkjel med familie*

Til sommaren er Mari med familie tilbake i Hornindal. Flyttelasset er på plass 26./27. juni, og då skal dei ha sommarferie i Hornindal slik at barna får bli litt meir kjent i bygda og heimen. Sverre (3) og Oddny (1) skal begynne i Hornindal barnehage, og Andreas skal for det meste vere heime for å ta seg av hus og familie. Mari er tilbake i tenesta 1. august og gler seg til det, kvar einaste dag.

Dei som vil komme på besök til store eller små i prestebustaden er hjarteleg velkomne. Dei har sakna å få uplanlagte besök i Stockholm og håper at folk føler seg frie til å banke på for ein kopp kaffe eller litt leik.

*Tekst: Anne Lødemel Honningsvåg*

# Små og store frå Nordsida kyrkjelyd på tur til Herøy

*Grillmat og havutsikt, busstur og Mor Monsen-kake, skjold og slag, bading og velsigning, barnegospelsong og historieformidling, preike i det fri og sol,- alt dette og meir til fekk vi oppleve vi som fekk høve til å seie ja-takk til invitasjonen fra Herøy kyrkjelyd søndag 1. juni.*

Det var nesten som eit eventyr å spasere over brua og inn på denne vesle øya som vi nesten kunne femne om dersom vi gjekk i hop i lenke,- men som har vore så viktig for kyrkjelivet i denne delen av landet . Steinkyrkja som eingong stod her fann vi att steinane frå lengre nede mot sjøen. Det vart for litra kyrkjetomt då lova kom om at kyrkjehuset skulle romme 30 % av befolkninga som sokna til. No står det att eit altar og ein gravplass med klokketårn. Men det hindrar ikkje Ordet og songen i å lyde frå denne høgda ut mot havet. Nordsida barnegospel var av dei som var med å fylte opp bussen då nesten 50 Nordsidarar kom til messe på Herøy. Og koret song så det ljoma på tross av alle andre lydar som natur og småbåtar kan produsere. Ei av tilhøyrarane sa at dersom nokon klarar å vere sure etter å ha fått ein slik opptreden, så må det vere andre alvorlege grunnar til det. Desse borna set oss verkeleg i feststemming både med jubelsongen og med akrobatikken sin!

Etter gudstenesta flytta vi oss til andre sida av øya, til spelelassen der grillane var opptente. Spelelassen er eit flott miljø som er bygd opp for Herøy-spelet som blir framført kvart år 1. helga i juli. (Tips til deg som ikkje har bestemt programmet den helga: Herøy-spelet på laurdag og Seljumanna-messe på søndag). Med sol, godt humør og



Nordsida barnegospel song.

Borna fekk prøve skjold og hjelmar frå Herøy-spelet.

møringane hadde varma opp sjøen såpass at dei yngste i følgjet bada med stor glede og høg lyd!

Kaffien og kakene som våre vener frå Herøy hadde laga til å oss var fylte med omsorg. Det er eit utruleg godt kakefyll®. For eigen del nytte eg kaffien frå øvste festplass-benkerada der eg såg nesten til Stadt. Det har stor verdi at kyrkjelydar møtest på denne måten! I fjor kom Herøy-folket på besøk til Nordsida og då kom tanken opp om ein gjenvisitt. Kanskje blir det knytte fleire venskapskyrkjelyds-band mot grannebispedømet no når vegen først er opna?

litt fyr på kolet går grillinga fort og smerte-fritt! Godt pratalag og flott informasjon frå Martin Oskar Endresen gav tida innhald for dei vaksne.

Og borna: dei fekk prøve skjold og hjelmar frå Herøy-spelet. Og ikkje minst: sunn-

Tekst: Gunnhild Bergset  
Foto: Magne Kristiansen



Unge og eldre samla om Ordet og songen.



Grilling.



# Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkommen i nabokyrkja

## **20. juni; fredag**

Olden gamle kyrkje 08:45 Skuleguds-  
teneste  
Innvik 10:00 Skulegudsteneste

## **22. juni; 2. s i treeiningstida – Matt. 3, 11-12**

-Hornindal 11:00 Gudsteneste. Ved  
Knut Gjengedal  
-Sundshaugen, Olden 14:00 Frilufts-  
gudstenester. Ved Harald Runde  
-Nedstryn 16:00 Gudsteneste.  
Ved Knut Gjengedal  
-Innvik 16:00 Friluftsgudsteneste på  
den gamle kyrkjetomta på Hilde, der  
stavkyrkje stod. Ved Harald Runde.

## **29. juni; 3. s i treeiningstida – Luk. 14, 15-24**

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste.  
Ved Knut Gjengedal  
-Nordsida 11:00 Gudsteneste.  
Ved Lars Ljosland  
-Utvik 16:00 Gudsteneste.  
Ved Lars Ljosland

## **6. juli; 4. s i treeiningstida – Mark. 10, 17-27**

-Selja, Selje 11:00 Seljumannamesse.  
Økumenisk gudsteneste i kloster-  
ruinane  
-Loen Messefall  
-Innvik Messefall

## **13. juli; 5. s i treeiningstida – Matt. 7, 15-20**

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste.  
Ved Knut Gjengedal  
-Hornindal 11:00 Gudsteneste.  
Ved Lars Ljosland  
-Olden 16:00 Gudsteneste.  
Ved Lars Ljosland

## **20. juli; Aposteldagen – Luk. 5, 1-11**

-Oppstryn 11:00 Gudsteneste.  
Ved Lars Ljosland  
-Utvik 11:00 Gudsteneste.  
Ved Knut Gjengedal  
-Kvalen, Randabygd 14:00 Frilufts-  
gudsteneste. Ved Lars Ljosland

## **27. juli; 7. s i treeiningstida – Luk. 15, 10-10**

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste.  
Ved Lars Ljosland  
-Sølvbergstøylen, Nordsida 14:00 Fri-  
luftsgudsteneste. Ved Lars Ljosland  
-Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald  
Runde

## **29. juli; Olsok – Joh. 12, 24-26**

-Olden gamle kyrkje 19:30 Guds-  
teneste. Ved Harald Runde  
-Oppstryn 20:00 Gudsteneste.  
Ved Erling Tronvik

## **3. august; 8. s i treeiningstida – Matt. 6, 19-24**

-Utvik 14:00 Gudsteneste. Ved Harald  
Runde  
-Svormuseet, Hornindal 12:30 Kultur-  
gudsteneste i museumsparken. Ved  
Mari Saltkjel  
-Loen 18:00 Gudsteneste. Ved Harald  
Runde

## **10. august; 9. s i treeiningstida – Matt. 11, 28-30**

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste.  
Ved Mari Saltkjel  
-Innvik 16:00 Gudsteneste.  
Ved Mari Saltkjel

## **17. august; 10. s i treeiningstida – Luk. 5, 27-32**

-Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald  
Runde  
-Nordsida 11:00 Gudsteneste.  
Ved Mari Saltkjel  
-Flofjellet, Oppstryn 12:00 Frilufts-  
gudsteneste. Ved Beate Nes

## **24. august; 11. s i treeiningstida – Matt. 23, 37-39**

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste.  
Ved Knut Gjengedal  
-Utvik 11:00 Gudsteneste.  
Ved Harald Runde

## **31. august; 12 s i treeiningstida – Matt. 6, 24-34**

-Nesodden, Loen 11:00 Friluftsguds-

teneste. Ved Knut Gjengedal

-Hornindal 11:00 Gudsteneste.  
Ved Mari Saltkjel. Presentasjon av  
konfirmantane  
-Ljosheim, Oldedalen 19:00 Guds-  
teneste. Ved Knut Gjengedal. Haust-  
kveld med kyrkjekaffi på Yrineset etter  
gudstenesta

## **7. september; 13. s i treeiningstida – Matt. 25, 14-30**

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste.  
Ved Knut Gjengedal. Presentasjon  
av konfirmantane  
-Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald  
Runde. Presentasjon av konfirmantane  
-Randabygd 11:00 Gudsteneste.  
Ved Mari Saltkjel. Presentasjon av  
konfirmantane

## **14. september; 14. s i treeiningstida – Matt. 20, 1-16**

-Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Presen-  
tasjon av konfirmantane. Ved Harald  
Runde  
-Olden 11:00 Gudsteneste.  
Ved kateket Beate Nes. Presentasjon  
av konfirmantane  
-Nordsida 11:00 Gudsteneste.  
Ved Mari Saltkjel. Presentasjon  
av konfirmantane

## **21. september; 15. s i treeiningstida – Matt. 7, 38-37**

-Nedstryn 11:00 Misjonsgudsteneste.  
Ved Knut Gjengedal. Kyrkjekaffi  
-Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved kateket  
Beate Nes. Presentasjon av konfirman-  
tane  
-Hornindal 11:00 Hausttakkefest.  
Ved Mari Saltkjel. Utdeling av 4 og 6  
årsbok

## **28. september; 16. s i treeiningstida – Mark. 7, 31-37**

-Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Knut  
Gjengedal. Presentasjon av konfirman-  
tane  
-Innvik 11:00 Hausttakkefest. Ved Ha-  
rald Runde. Utdeling av 4 årsbok og  
Bibel.

**B**

Fulldistribusjon

## Sommarleirane 2014 på Nesholmen

Sommaren nærmar seg og det er igjen tid for å tenke på kva DU skal gjøre i sommarferien! Vil du vere med på leir kanskje?

Sogn og Fjordane KFUK-KFUM arrangerer tre sommarleirar for born på Nesholmen til sommaren. Sommarleir 1 og 3 er for 1.-4. klasse og Sommarleir 2 er ein fire dagars leir for 5.-7. klasse. Her er det mange kjekke ute- og inne aktivitetar. Alle leirane er fulle av program som bading, kanopadling, gudstenesteverkstad, deltakarkveld og mykje moro. Kvar kveld roar vi tankane med ei stemningsfull kveldsavslutting. Her kan alle born melde seg på og få ein super start på sommaren! For påmelding, gå inn på [www.kfuk-kfum.no](http://www.kfuk-kfum.no) og søk etter din Sommarleir!

### SOMMARLEIR 1

Tid: 20. -22. juni

Alder: 1.-4 klasse

Stad: Nesholmen leirstad i Gloppe (50 min. frå Førde/ Florø og 1 t. frå Sandane)

Pris: kr 750,- for medlem i KFUK-KFUM  
850,- for ikkje medlem

E-post: [sfj@kfuk-kfum.no](mailto:sfj@kfuk-kfum.no)

### SOMMARLEIR 2

Tid: 24.-27. juni

Alder: 5.-7. klasse

Stad: Nesholmen leirstad i Gloppe (50 min. frå Førde/ Florø og 1 t. frå Sandane)



Padling høyrer med på leir på Nesholmen.

Pris: 900,- for medlem i KFUM-KFUM  
1000,- for ikkje medlem  
E-post: [sfj@kfuk-kfum.no](mailto:sfj@kfuk-kfum.no)

### SOMMARLEIR 3

Tid: 27.-29. juni

Alder: 1.-4. klasse

Stad: Nesholmen leirstad i Gloppe (50 min. frå Førde/ Florø og 1 t. frå Sandane)

Pris: 750,- for medlem i KFUK-KFUM  
850,- for ikkje medlem

E-post: [sfj@kfuk-kfum.no](mailto:sfj@kfuk-kfum.no)

Som vaksen er du hjartelag velkommen til å vere leiar saman med oss!

Velkommen på leir!

## Sommarleirane på Fjordly

Også på Fjordly er det fleire sommarleirar. Her er datoane:

13.-15. juni: Minileir, 4-8 år m/følgje.

22. -25. juni: Sommarleir 1, 4.-5. kl.

29. juni-2. juli: Sommarleir 2, 6.-7. klasse

9.-13. juli: Tenleir, 13-19 år

25.-27. juli: Familieleir

15.-16. aug.: Dugnadshelg

Kontakt regionskontoret for informasjon og påmelding: [acta.sof@normisjon.no](mailto:acta.sof@normisjon.no), eller på tlf.: 57 86 63 49, 92 04 63 49, 48 99 23 42. Påmeldingsfrist ei veke før leirstart.

Leirstart/innkvartering første dag: kl. 18.00-18.45. Avslutningsmøte siste dag kl. 15.00 (gjeld leirar t.o.m. 7. klasse). Heile familien er velkommen til avslutningsmøtet!



Det kan bli regnfullt på leir.

## KAFFEKROKEN



© Hans Johan Sagrusten

Neste nummer vert distribuert i posten 11. september. Redaktør for det er Olav R. Faleide.  
Stoff kan sendast på e-post til [post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no) innan 15. august.